

Utval: **Administrasjonsutvalet**
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato: 15.11.2018
Tidspunkt: 10:00-11:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Pål Kårbø	Leiar	Krf
Tore Andersen	Medlem	YS-K
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Dagmar R. Hillestad	Medlem	LO-K
Terje Søviknes	Medlem	FrP
Atle Kjosås	Medlem	AKAD

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Benedicte S Meyer	Medlem	UNIO
Anne Gine Hestetun	Nestleiar	A
Roald Kvamme	Medlem	A

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Kjell G. Håland	Anne Gine Hestetun	A
Rune Stadsnes	Benedicte S. Meyer	UNIO

Merknader

Det var 8 medlemmer tilstades.

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Konstituert fylkesrådmann
Geir Davidsen	HR Direktør
Johan J. Meyer	HR Sjef
Frode Mannsåker	HR Leiar
Svein Dyrdal	IT Sjef
Merethe Helland Nordnæs	Møtesekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 24/18	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 25/18	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 26/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 12/18	Framtidig innretting organisering/ dimensjonering av IKT-konsulentane frå hausten 2019	2018/15310	
RS 13/18	Årsbudsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022	2018/11459	
RS 14/18	Sjukefråvær i HFK 3. kvartal 2018	2014/12154	
PS 27/18	Ymse		
PS 28/18	Status for arbeidet med likestilling og likeverd i Hordaland Fylkeskommune	2018/12797	

PS 24/18 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 15.11.2018

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

PS 25/18 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 15.11.2018

Dagmar R. Hillestad (LO-K) tok opp at ein ikkje hadde fått svar på sak PS 21/18 under ymse-posten frå møte den 06.09.2018:

«Administrasjonsutvalet ber om ei sak som beskriv miljøarbeidarens plass i skulen herunder også utfordringar knytt til heiltid/deltid og det som beskrivast som full stilling men med redusert løn.» og

«Administrasjonsutvalet ber om ei sak om å etablere ein eigen «vikar pool» i Hordaland fylkeskommune».

Konstituert fylkesrådmann opplyste at dette er sett i arbeid men ikkje ferdigstilt.

Vedtak

Møteboka frå førre møte vart godkjent med merknaden ovanfor.

PS 26/18 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 15.11.2018

Referatsakene RS 12-14 vart refererte og tekne til orientering.

PS 27/18 Ymse

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 15.11.2018

I samband med møtedato for møte i administrasjonsutvalet den 14.11.2019, sette Pål Kårbø (KrF) fram forslag om å endre møtedatoen til den 13.11.2019. Dette fordi det var møte i Vestlandsrådet same dag.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Konstituert fylkesrådmann Ingrid Kristine Holm Svendsen gjorde administrasjonsutvalet merksam på tilrådinga fra Statens strålevern. Statens strålevern, Statens legemiddelverk og Folkehelseinstituttet har gått ut med informasjon til alle kommunar om innkjøp av jodtablettar som beredskap ved atomuhell.

Fylkesrådmannen tilrår at det vert kjøpt inn jodtablettar til elevar i dei vidaregåande skulane og til tilsette under 40 år. Kostnaden er estimert til i underkant av kr. 100.000,-. Hordaland fylkeskommunen vil dekkje denne kostanden.

PS 28/18 Status for arbeidet med likestilling og likeverd i Hordaland Fylkeskommune

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek fylkesrådmannen si orientering til vitande, og sluttar seg til det vidare arbeidet.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 06.11.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tek fylkesrådmannen si orientering til vitande, og sluttar seg til det vidare arbeidet.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget tek fylkesrådmannen si orientering til vitande, og sluttar seg til det vidare arbeidet.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.11.2018

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette på vegner av A, Sp, KrF, V og H fram slikt forslag:

«Tillegg:

Tittelen til den øvste administrative leiar i fylkeskommunen endras frå fylkesrådmann til ein kjønnsnøytral tittel. Fylkesutvalet ber rådmannen leggje fram ei sak til behandling i fylkestinget i mars 2019».

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkesutvalet.
Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

Fylkestinget tek fylkesrådmannen si orientering til vitande, og sluttar seg til det vidare arbeidet.

Tittelen til den øvste administrative leiar i fylkeskommunen endras frå fylkesrådmann til ein kjønnsnøytral tittel. Fylkesutvalet ber rådmannen leggje fram ei sak til behandling i fylkestinget i mars 2019.

Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 15.11.2018

Pål Kårbø (KrF) sette fram slikt oversendingsforslag til prosjektleiar Vestland fylkeskommune:

«Tittelen til den øvste administrative leiar i fylkeskommunen bør vurderast endra frå fylkesrådmann til ein kjønnsnøytral tittel»

Dagmar R. Hillstad (LO-K) sette fram slike oversendingsforslag:

«Hordaland fylkeskommune bør i sitt arbeidsgjevarperspektiv ha større fokus på IA-avtalens delmål 2: Hindre fråfall og auka sysselsetting av personar med nedsett nedsett funksjonsevne.»

«I Hordaland fylkeskommune er det flest kvinner som innehavar deltidstillingar der mange har meldt om ufrivillig deltid. Hordaland fylkeskommune må i sin lønspolitikk aktivt jobba for ein heiltidsstruktur.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Pål Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegne av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Dagmar R. Hillestad sine forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegne av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.